

”Geitehelg” i Øystese 27. og 28. november

Strategiplan Geit 2010-2013 v/Knut E. Grindaker , Tine FOU Senter (Forskning og utvikling)

Alle dei kvite geitostprodukta er plassert inn under meierispesialiteter.

Overordna målsetting:

Lønnsam omsetning i Norge og internasjonalt basert på dagens volum av geitemjølkk.

Mandat:

Det skal leggjast vekt på at det er god balanse mellom mjølketilgang og markedsbehov.

Hovedfokus har vore mjølkekvalitet, - utfordring er innhald av frie fettsyrer i deler av året.

Hovedutfordring:

- Lønnsomhet i porteføljen
- Satsing på brunostar, Snøfrisk Krem og Balsfjordost.
- Auke bruken av geitemjølkkas ulike bestanddelar, spesielt protein.

Ny plan – meir retta mot salg/marked enn forrige plan. Muligheter, tiltak og ressurser.

Ein må oppnå betre balanse mellom produsert mengde geitemjølkk og anvendt mengde i industrien. I 2009 var det 4 millionar liter geitemjølkk som ikkje vart nytta i produksjon.

Tapar mykje pengar på brun, ekte, geitost.

Eit ”utstillingsvindu” for geita hadde vore bra. Eit ”opplevessenter” (Aurland) for geit kan verte ein slik arena. Publikum kunne kanskje få vere med å forme sin eigen geitost – få lov til å vere med i produksjonen.

Bør kunne bruke meir geitemjølkk i produksjon av G35 når mjølkekvaliteten er god.

Skal prøve å lage ein krema geitost, på oppfordring.

Stategiplana kjem på høyring til produsentane gjennom produsentlaga. Fagutval geit har hatt den på høyring og der er NSG representert.

Framlegg til nye reglar for kvalitetsbehandling v/Helga Kvamsås Tine Vest/Tine SA

Svært opptatt av kvalitet. Har enda ikkje høg nok, og stabil nok kvalitet heile året . Har utsortering av mjølkk med for høgt syretal.

- Innføring av 2. og 3. klasse.
- Grense for leverigsstopp
- Frie fettsyrer (FFS) erstattar smaksdømming, og ein innfører system med utvida lasskontroll
- Ekstra premiering av mjølkk med spesielt lavt FFS nivå.

Tillegg/trekk for summen av fett, protein og laktose over eller under 10,8 = 12 øre
Tillegg for FFS lik eller under 1,2 = 20 øre

Geitemjølkk: Tillegg/trekk : 93,9 øre

Kumjølkk: Tillegg/trekk : 38,3 øre.

På direkte spørsmål om kva NSG kunne gjere, var svaret at NSG ikkje er høyringsinstans. Produsentane må ta det opp gjennom produsentlaga.

Av om lag 67 produsentar i Sogn og Fjordane, er det ca. 3-4 som kan få varsel om tiltak/stopp etter dei nye reglane.

Tine må ha på plass kriterier som gjev mjølkk med ein kvalitet som er god nok for meieria, som skal bruke mjølka i produksjon. Det er ingen andre enn Tine som kan bestemme kriteriane for kvaliteten.

Å halde fram som no, verte verre for produsentane.

Mjølkeanvendelse og teknologi v/Knut E. Grindaker Tine FOU

Onsdag 11. august 2010, ein merkedag for ein ny teknologiplattform. Det vart bestemt at ein skulle investere i mikrofilteringsanlegg. Det ligg store muligheter i å utvikle nye produkter gjennom å anvende den nye teknologien.

Har fortsatt ein vei å gå når det gjeld mjølkekvalitet. Positiv samanheng mellom god fettstabilitet og gode koaguleringssegenskapar.

For stor differanse mellom innmålt og anvendt geitemjølkk i solgte produkter.

Når ein konsentrerer opp kaseinet, så konsentrerer ein og opp bakteriane og sporane. Heilt nødvendig med bakterie-/sporereduksjon.

Mikrofiltering av geitemjølka gir eit permeat som kan erstatte kaseinmyse i produksjon av Ekte Geitost. Gir betre ystbarhet, meirutbyte og betre kvalitet ved ysting av kvitost av geitemjølkk. Kaseinkonsentratet kan tørkast utan å miste løypeeigenskapar. Tørka kaseinkonsentrat kan utjevne sesongvariasjon og kan og eksporterast.

Foring og avl, innverknad på kvalitet v/Helga Kvamsås Tine Vest/Tine SA

Geitehaldarane har hatt tilbod om gentesting av bukkar i 3 år, frå og med 2008.

Nesten 100% av dei kåra bukkane er gentesta.

I 2007 vart frie fettsyrer tatt inn i avlsmålet.

Moment ved planlegging av å endre genstatus:

- Kor stort er problemet

Gentesting kostar kr 200,- pr. prøve + utgifter til dyrlege.

Raskt positiv endring av frie fettsyrer ved å satse på bukkar med sterke eigenskapar for lavt innhald av frie fettsyrer.

Ved å bruke bukk med to sterke gener for lavt innhald av frie fettsyrer (Femmer-bukk), vil ein i neste generasjon vere garantert avkom med minst eit sterkt gen for lave fettsyrer.

Bakteriologisk kvalitet, celletal. v/Helga Kvamsås Tine Vest/Tine SA

Geometrisk middel av 3 prøver: Godt hjelpemiddel til å utranger dei ”rette” dyra, Ytinga går ned ved auka celletal. Laktose innhaldet i mjølka går ned når celletalet aukar. Auka pH.

Kvite blodlegemer (celler) virkar negativt på ysteprosessen. Beiteslepp virkar og inn på celletalsnivået.

Aktuelt frå Fylkesmannen v/Svanhild Aksnes FMLA Hordaland

Gjekk gjennom utviklinga i antal geit dei siste 10 åra i Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Rogaland.

Gjekk gjennom dei ulike tilskotsordningane som ein geitehaldar kan nytte seg av.

Hordaland ligg ”godt” over satsane til beitedyr og stølsdrift i høve Sogn og Fjordane.

Småfe: kr 15,- pr. beitedyr i Hordaland, kr 5,- pr dyr i Sogn og Fjordane **KVIFOR?????**

Der er og midlar til informasjons- og utviklingstiltak.

Sjukdomssanering, slutfase, kva skjer? v/Ola Søgnesand Geit i Vekst

Friskare Geiter prosjektet kom i stand på grunn av at det var mykje sjukdom i geiteflokkane. Prosjektet si oppgave er å hjelpe geitehaldarane med å få bukt med CAE, Byllesjuke og Paratuberkolose, ved hjelp av santering. Sjukdomssanering er frivillig så bonden sjølv må melde seg på for santering. Siste frist for påmelding er 31.12.11. Ein er ikkje pliktig til å gjennomføre santering, sjølv om ein melder seg på.

Ved ønske om santering må veterinær på plass, i tillegg må landbrukskontoret stadfeste dyretalet ved dei fire siste søknadsomgangane.

Ein kan bruke inntil 3 år på sanering, og vil få kompensert for alle tilskot som husdyr-, areal-, beite-, utmarksbeite- avløysar- og driftstilskot.

Bygning og dyrevelferd v/Ola Søgnesand Geit i Vekst.

Dersom ein har planar om santering og må ”gjere noke” med fjøsen, kan ein ta kontakt med Ola Søgnesand, som vil hjelpe til med planlegginga. Han vil komme på besøk, for å sjå på fjøsen og kva som kan/bør gjerast. Arbeidet som han gjer er gratis for bonden. Det vart vist ein del bilete frå ulike fjøsar, med ulike løysingar, både ”før” og ”no”.

Avl geit v/Ingrid R. Østensen NSG

Avlsmålet – det vi vil forbetre.

Utvikle ei geit som produserar mjølk med god og særeigen geitesmak, godt egna for produksjon av alle typar geitost.

Geita skal ha god helse og fruktbarheit , og gode bruksegenskapar. Den skal kunne utnytte dei naturlege naturressursane.

Tørrstoff meir vektlagt enn mjølkemengde.

Kaseingenstatus – viktig ved utplukking av bukkar.

Avlsframgang oppnår vi når neste generasjon dyr er betre enn den forrige.

1990 – 2010 Mjølkmengde pr. dag har gått ned, medan tørrstoff % har auka vesentleg.

Gentesting er eit effektivt avlsverktøy, når ein avlar på eit gen.

Ref.

Halvar Espeseth